

## Punkt i referat frå møte mellom Statens vegvesen og Lindås kommune

Frå referat	Vårt svar/vurdering
<p><b>Referat møte med SVV om Hillesvågen bustad-område 31.1.2018</b></p> <p>Siste planframlegg vart gjennomgått med Statens vegvesen sine merknader til planframlegget. Under er dei tilhøva som vart notert undervegs i møtet.</p> <p><b>Tilhøve knytt til plankartet:</b></p> <p>1 Anleggsbelte som vist i planmaterialet må inngå i plankartet som omsynssone rigg og anlegg. Underliggende føremål som ikkje skal regulerast vest for fylkesvegen får eige føremål.</p> <p>Vurdere å samle avkjørsle A6 og A7 til ei avkjørsle.</p> <p>SVV ynskjer profileringstal inn (0-270) inn i plankartet. Dette for å kunne knyte rekkefølgjekrav til profiltal.</p> <p>Frisiktsoner skal leggjast inn med tal som viser kva som er nytta. Underdimensjonert sikszone, skal vere 6x45 m</p> <p>Parkering må justerast som følgje av riktig frisiktzone</p> <p>Svingradius bør visast på kart inn mot byggeområdet BK.</p> <p><b>Til føresegne:</b></p> <p>Byggeplan og gjennomføringsavtale skal vere godkjent av vegvesenet.</p> <p>Rekkefølgjekrav knytt til profil, f.eks 170.</p> <p>Er moglege murar lagt inn i planen? Bør vere 5 meter frå vegkant til mur. Gjeld også gjerde.</p> <p>Vegvesenet ynskjer at rekkefølgjekravet skal knytast mot IG og ikkje bruksløyve. (Kva konse-</p>	<p>OK - retta/tatt til følge</p> <p>Kart retta og anleggsbelte lagt inn. Området har fått føremål Angitte samferdselsanlegg og / eller teknisk infrastruktur, kfr § 2.7 og § 7 i føresegn.</p> <p>Vurdert men ikkje tatt til følge. Avkjørsle er oversiktlege slik dei ligg.</p> <p>Profilnummer høyrer normalt ikkje til plankart. Vi har derfor lagt inn ei ekstra teikning - 220 Veg m/ fortau - profilnummer.</p> <p>Frisiksone er lagt inn på nytt. Vi har nytta dimensjoning 6 x45 og kravet er lagt inn i føresegn under § 6.4. Radius er lagt inn på kart. Parkering er justert tilsvarende.</p> <p>Lagt inn under §2.1 i føresegn.</p> <p>Vi har lagt inn ekstra teikning 220. I føresegn § 0.3.1 har vi lagt inn rekkefølgekrav der det også er vist til profilnummer.</p> <p>Dette er ein eksisterande veg. Der det ville vore naturleg å leggja inn murar, har vi sidejustert vegen slik at det ikke er naudsynt med murar. Der det kan vera aktuelt er mot parkeringsplassar P1 og P2. Knytt til at dette også er usikkert, har vi valt å ikkje leggja inn murar i planen. Endeleg utforming og godkjenning av denne er sikra i føresegn § 2.1 der det er stilt krav til at byggeplan og gjennomføringsplan skal vera godkjent av vegvesenet før oppstart.</p> <p>Det vil vera naturleg at ein utfører grunnarbeid i BK samtidig med at ein byggje fortau/ oppgraderer vegen frå</p>

## Punkt i referat frå møte mellom Statens vegvesen og Lindås kommune

Frå referat	Vårt svar/vurdering
kvens vil dette ha? Kor mykje anleggstrafikk kan ein pårekne?)	profil 0 - profil 170. Det kortar ned anleggstida. Ein får samdrift og mer lokalt masseflytting. Når ein vel å starta bygging er det naturleg at ein ynskjer å få gjor dette på ein rasjonell og effektiv måte. Forskjell i anleggstrafikk på å jobbe samtidig opp mot å måtte først ta vegen og så gå inn på tomta , er så langt vi kan sjå minimal. Vi ynskje å halde på rekkefølgekrav opp mot bruksløyve.
Vegvesenet er usikre på om føresegna for BF1 og BF2 sikrar at det ikkje kjem nye bueiningar i desse områda.	Vi klarer ikkje å sjå at det er noko tvil om tal bueiningar slik føresegnd er skrive.
§ 2.1 – Ynskjer at moglegheit for å legge VA- og tele i alle vegar tas ut.	Ok - tatt ut.
§ 2.1.1 - Ta ut «uendra bruk» .	Ok - tatt ut
§ 2.1.1 – vegvesenet set spørsmålsteikn om veg og fortau skal opparbeidast samtidig? Foventning om at vegen vert teke samtidig.	Det er lagt til grunn at tiltak handlar om å etabere fortau langs eksisterande veg. Der det er nausynt å utvide/endre vegtrace for å få plass til fortau, vert vegen sjølv sagt tatt med samstundes. Vi har lagt til grunn at eksisterande veg er bygd på ein forsvarleg måte og at den kan nyttast slik den ligg.
§ 2.1.4 – Parantes tas vekk. Skrive om føresegna.	OK - parantes er tatt bort og 2.setning er tatt ut.
§ 2.4 – Det er ingen plattform for buss – kvar skal passasjerar stå? Vil sambruk med bosshenting fungere?	Plattform for buss er utvida. Samdrift er vurdert som den beste løysninga og vil så langt vi kan sjå fungere godt. Bosshenting foregår ein gong i veka og det er liten eller ingen konflikt med buss som kjører på denne vegen. At ein kan heta boss utan å måtte kjøra inn i området er også ei god løysning for mjuke trafikantar.
§ 2.6 – Presisere byggegrense for carport, slik at ikkje alle plassane vert lagt til rette for dette, jf byggegrense mot veg.	Byggegrense for P1 og P2 er lagt inn på plankart. Dette er også presisert i føresegnd under § 2.6
§ 6.4 – frisiktzone må vere AVG-areal og skal ikkje kunne parkerast på (t.d. kan høge bilar parkere og hindre sikt).	Krav til frisiktzone er lagt inn i føresegnd under § 6.4. Parkeringsplass er justert slik at den ikkje kryssar siktlinja.
Vurdere rekkefølgekrav for ny einebustad i BF1. Vil truleg føre til at ein ikkje vil få denne bygd – SVV og kommunen vurderer litt dette.	Vi ser at bygging på den aktuelle tomten kan medføre utfordringar slik rekkefølgekrav er skrive. Knytt til at denne tomten både har tilgang til vatn og avlaup i dag, bør ein kanskje leggja inn opning for bygging utan rekkefølgekrav. Vi avventar avklaring knytt til dette.
<b>Generelt:</b> Krev evt vidare utbygging av vegen frå kryss til BK at leikeplassen må rivast? Denne bør uansett kome	Leikeområdet er trekt 5 meter frå vegen. Anleggsområdet dekkjer det aktuelle området.

**Punkt i referat frå møte mellom Statens vegvesen og Lindås kommune**

Frå referat	Vårt svar/vurdering
<p>5 meter frå vegkant mtp evt støyskjerming.</p> <p>Oppdatere planskildringa med siste plankart. Sjå på heile planskildringa, spesielt dette knytt til utbyggingsavtale.</p> <p>Planskildring: Universell utforming – sjekk begrepsbruk her. Spesielt knytt til BK.</p> <p>Planskildring 7.9 – Betre omtale om trafikktihove.</p> <p>Planskildring – innspel til planen betre omtalt og kommentert. Innspel som har kome inn i hove fyrste gangs høyring bør og kommenterast i planskildringa.</p>	<p>Heile planskildring er gjennomgått.</p> <p>Planskildringa er forenkla.</p> <p>OK -</p> <p>Ok.</p>